

Årbakka

TEMA: Bønder og busetnad ①37, Landskapet ①9

Fornminnefeltet på ÅRBAKKASANDEN med bautasteinar og gravrøyser har gjennom meir enn 350 år vorte vitja, omtala og illustrert av mange lærde granskarar. Likevel er det lite vi veit sikkert om dette eineståande kulturminnet.



Nils Hertzbergs akvarell frå 1829 gjev oss eit inntrykk av gravfeltet med bautasteinane på Årbakkasanden.

Den eldste omtalen er frå 1626 og finst i eit manuskript om «Antiquitates» og «gamle Monumenter» i Bergens stift, kanskje ført i pennen av biskop NIELS PAASCHE. Ei teikning, som synest vera rein fantasi, er attgjeven av OLE WORM i hans store verk om danske fornminne, *Danicorum Monumentorum libri sex* frå 1643.

Noko betre, men langtfrå nøyaktige, er teikningar og skisser frå 1820-åra av W.F.K. CHRISTIE og N. HERTZBERG.

Manuskriptet frå 1626 nemner 6 bautasteinar og 6 steindyngjer. Folk meinte det var minne etter tvekampar i gammal tid, då Årbakkasanden vart brukt som valplass. Dei stridande stilte seg opp i kvar si røys og kasta stein på kvarandre til den eine vart liggjande. Over taparen vart det reist ein minnestein som skulle vera like høg som lekamshøgda åt den avlidne. Den høgaste steinen som er nemnd i manuskriptet frå 1626, var 5 1/2 sjællandske alen, dvs. 3,5 meter.

HANDELSSTADEN

Handelsstaden på ÅRBAKKA ligg lunt til ut mot Onarheimsfjorden, velstelt og i god stand; ein klassisk vestlandsk landhandel. Årbakka høyrer til dei yngre handelsstadene som voks fram etter 1842, då byborgarane sitt handelsmonopol i distriktet vart oppheva. Handelen her tok til i 1898, og krambua står slik ho var i 1960, då handelsverksemda flytta opp til hovudvegen. Handelsbu, smie og ei sjøbu står det her idag; den karakteristiske vindearka fortel om kva bygningar som var nytta til lager og handel.

Dei seinare åra har det kome nytt liv i husa på Årbakka. Kunstlaget Njardarlog har skipa eit kunstgalleri i sjøbua, og i krambua finn du kunsthandverk og friske urter frå urtehagen, ved sida av eit lite båtmuseum.



Granskingar frå vår tid syner at «valplassen» på Årbakkasanden er eit gravfelt frå eldre jernalder. Her har vore 6-7 bautasteinar og minst 25 haugar, røysar og steinringar. Det skal vera funne både leirkrukker og våpen i røysane, men det meste er bortkome. Eit funn finst i Bergen Museum. Det inneheld eit gravgods frå 3-400-talet e.Kr. med restar av nål, kam og dekorerte bitar av bein, eit par glasbrot, nokre bjørneklør og brende menneskebein. □

KALKOMNEN PÅ FLAKKA

FLAKKAVÅGEN, sør i Onarheim sokn, var kjerneområdet for Halsnøy kloster sin godseigedom i Tysnes. Dette området fell elles saman med eit større belte med kalkgrunn og kalkhaldig skifer. Denne kombinasjonen er interessant fordi det var munkane på Halsnøy kloster som først tok til å brenna kalk på våre kantar. Denne næringa er eit særkjenne ved den økonomiske tilpassinga i Flakkavågen og oyane utanfor, like frå mellomalderen av og eit godt stykke inn i vårt hundreår.

På mest kvar gard braut og brende dei kalkstein årleg. Dei brende med såkalla «limved», avbarka, små furustokkar, og det var ikkje lite ved som gjekk med. Dei fleste gav seg med kalkbrenninga på slutten av 1800-talet, då veden vart for dyr (①12, ②207).

Men på Flakka var dei 7-8 karar som tidleg på 1870-talet bygde seg ein kolfyrt omn. Sjølve omnen står framleis, men omnshuset vart selt då hopehavet vart avvikla og brenninga innstilt kring 1900. Bilete frå 1990-talet.

